

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kinn

Emne: Gaural engkultus

Bygdelag:

Oppskr. av: Paul Urdal

Gard: Urdal

(adresse): Urdal, Flore.

G.nr. 11

Br.nr. 6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Eigne etterrøyingar alt som er fra folketelingslistor og anna arkivmateriale.*

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): *Hanse husebarnen, for det meste bønder på dei gardane som er nemnde i oppskrifti; alder ca. 70 år og oppover.*

SVAR

1). Eng (ei), bundi fornu engja, gen. engja, dat. uittel engjinnu. Ordet er kjent og brukt, og tyder helst slåttemark som ligg innanfor bøgarden. Men folk seier heller bø eller voll (ein), det siste helst om fast og sikkert slåttemark. - Ekre (ei, og med tydeleg e) og astelege (ei) er byrdeord, og er i bruk den dag i dag. Dei tyder åker som er att-legd til eng.

Udslett (ein) er kjent, men markastøtte (ei) er visst meir brukt. Markastøtt (ein) = arbeidet med å slå markastøttene. Motsatt heimstøtt. -

- N. Ofte kalle dei eit jordslykke for åker i lange tider eller at det var attlagt, serleg dersom åkeren hadde noko sermann. Satis Ola-åkeren og Andreas-åkeren; Sognarvåg (Gnr. 7, brnr. 1 i Kinn). Det er snart eit par menneskealdrar sidan desse teigane var åker, men namni er i bruk den dag i dag. -

Namn eller kvaliteten er brukt, t.d. fykkeng; men fykkaste böen, beste böen o. l. er meir brukt. Skrapstøtt og sjebbestøtt = utkantar og skrapmark som er lite eller uikje gjødsle.

Høyt hev også ofte namn eller kvalitet. T.d. vollhøy: høy fra voll eller rønt god natureng som vert gjødsle åroisst. - Smalehøy:

ringere høy fri skrapemark og ukstøtter. -

Mark er brukt både som heimebø og ut-
mark. Ute på markjonne = ute på bøen;
ute i markjonne = i utmarki.

Her i kring er berre nokre fje ukstøtter
i bruk no. Det ~~er~~ kann vera holmar som ligg
ute i retn, som f.d. Lone og Stygsteinen. Ute
på øyane er det somme bruk som hev ukstøtter
på skog holmar og småøyar. Stednamn som
Ståtteskoraune og Ståtteskor-fjellet er verkeleg
minne om gamle ukstøtter.

Eller kann dei gamle fortelja at folk slo
gutte stader i skog og mark, serleg langs elver,
i brette liden og i skorer i fjellet. Solis fortelde
at folk frå Symnerwig slo i Tver-elvskardet, og
jamvel på Nedste Heia. Det tek minst halvannan
time å ganga frå Nedste Heia og til Symnerwig nær
ein gung leurreipa. - Klarna hadde ukstøtter i
Ståtteskoraune og Brendene, Hauki slo på Gyr-
aune ved Hauki-vatnet, Tirdalen slo i Heia,
ein nedlagd værstøl. - Fri mest alle desse ukstøttane
laut dei bera høyet. Ein og annan staden kunde dei
øytha bit - f.d. i Haukivatnet - . Sjeldan lag uk-
støttane stik til at dei fekk køyra høyet heim, og
det var heller ikkje vanleg at dei hadde løbor på uk-
støttane.

Långorsslätt og stuttorslätt tale dei om,
både på heimebøen og i utmarki, og det vert fortalt
at somme stader skar dei graset med sigd når dei ikkje
kom fram med ga.

Rydning.

Etter heve ikkje høyrst tale om at dei
sadda på ukstøttane. På heimebøen der-

A. 2

i mot var og er det enno fast regel å rydde.
 Det gjer ein ein våren, eller at gjødsla er
 pasta og herva (eller kniha). Då raker
 ein ~~samen~~ i hop kvist og rusk, og myk-
 klumpar som ikkje er smeldra. Dei kallar
 det å rydde böen (rydde); dungan heiter
 ryddedunge. Til arbeidet brukar ein
 ei venleg riva. Ein raker rusket i hop
 i smie hangar, og ber eller kører
 det bort sidan. I mne samlar ryddedungane
 og brukar dei til moder-bruidsla i smale-
 fjøset.

3

Mosevekse eng.

Det hev vore og er vanleg
 meinig at sanale- og geikangh „tek“
 mosen, og røymsla sjønest å stadfesta det.
 I det heile meinte dei at likaste råd var
 å gjødsla, helst noko sterkt, og at mosen
 treivst på mark som var ríngt gjødsla;
 likevís var ein let dyri beita lenge ein
 hausten. ~~Uen~~ ein mann som dreiv særleg godt
 for si tid - 1880-90-åri - vert det fortalt
 at han slo engi tri gonger. Floi som vaks
 upp fjorde gongen skulde stå, for at ikkje
 marki skulde mosevekka. - Biting ein
 våren heldt dei ikkje for so skadeleg; heller
 tvært i mot.

Ive tid dei tok til å kjøpa grasfrø, er
 vissst. I 1875 var det berre 3 gardar i
 Skim (hovudskim) som sådde grasfrø, - frå
 1/2 til 36 skilpund. Dette var nok bruk
 som var drivne noko betre enn vanleg i den tid.
 Ein og annan tok vel eller utetter mot hund-
 red-ersskiftet; men det er fyrst dei siste 40-50

4
åri at det hev vorte vanleg. - Fjor brukt
summe i samla gressfra i loda og mytta det
når dei ein harde gang la att ein gammell
åker. Elles var det vanleg at ein sådde korn
i åker som skulde att-leggast, og let han
so gro til med seg sjøles.

4 Myrr og vatssjuk eng. Vatning.

So lange folk hev minne til
hev dei brukt i grave grefter for å loda vatnet
bart frå serke vat-sjuk jord. Kva tid dei
tok til med det, er det ingen no som kann
segja. Kring 1860 var det summe som tok til
å leggja att greftene; helst brukt dei stein,
men summe brukt rot eller eime. Men det
er først etter hundrad-årskipt at det hev
vorte vanleg, og einno kann ein sjå ei og omor
opi greft.

På vatna engi hev ikkje vore brukt.

5 Gjødning.

So lange folk hev minne til hev
dei brukt i gjødsla heimeböen; derimot ikkje
vanlege utslettar. Men der dei hadde stolskive
gjødsla dei derse. - Eg veit ikkje no at det hev
vore nokon regel for kor stor part av vinder-
gjødsla dei skulde bruka på engi. På gammal
hadde folk lite åker, og i manns minne hev
det vorte stendigt mindre, (men hev auka nok
att i aller rike åri), so der folk hev drive
og framleis driv på gammalt vis, hev nok engi
fange mestparten av gjødsla. -

Men det er bruk at dette hev vore omorkis
lenger attende. So skint som i 1880-90-åri var
det endå vanleg at folk aola noko korn, let han.

Og frå noko eldre tid, - 1840-50-åri - hev me
vite meil nun at dei aole mykje korn på
bruk som no knapt aoler potetor til hus-
bruk. Men nun gjødslingi so langt attende finst
det ingi fråsegur det eg veit. Frå kring 1870 og
utefter hev me betu grida. Ved den tid var
det mange som nytta tang og fare til gjødsel
både på korn og potetor. Det var rekna for
svært god gjødsel, og somme vil vita at tang-
og fare døyvde ugroset noko. Og på den måten
vart det også meir husdyrgjødsel att til engi.
— Smale- og geitamyke vart nok nytta på
eng, og var rekna for god enggjødsel sidan
ho tynte moser. Men dei som aole potetor
vilde helst hava denne gjødsla på potet-åkeren;
so engi fekk helst kornmyke. - Nokon regel for
kor sterkt ein skulde gjødsla hev eg ikkje
høyr tale nun. Men i alle fall på somme bruk
rekna dei ut visst lasse-tal til kvart eng-
stykke eller teig.

687.

Noko særskilt namn for gjødsla
eng hev eg ikkje høyr. Ein høyrer stund-
om tale ⁱⁿⁿ dilegras - gres som ~~vokst~~ vekst i
"dilor" (dill) ?; litt vakkende stader
der det sig vate frå gjødsla mark eller frå
uthusi. På ein gard hev eg høyr tale nun
"florsdikene" ?; dilone nedanfor fjøset. Men
at dei bygde husi med særskild tanke
på å få gagn av florsiget, hev eg ikkje
høyr tale nun; og dei gamle uthusi som
enno er i bruk her i kring ser heller ikkje
ut til å vera bygde med tanke på slikt.

Det vanlige var og er sunne å gjødsle med
 sin vøren. Dei brukte same redskap som til
 åkerjødsling. Dei kjøpte med hest og stede. På
 hestelaus bruk ligde dei skundom hest. Kring hundre
 radarbeid var det sunne som skaffa seg ei
 einfald hjubbare, eller jamvel to-hjula hand-
 vogn. Men det var berre nokohunde flakende
 bruk som kunde bruke slik redskap. - I stort
 mange bar gjødsli (saet) ut på ryggen, og
 i gamle dagar hev vel det vore meir vanlig
 sunn me no veit sunn. - Dei brukte kipa til
 å bera i. At to mann bar på ei handbære
 hev og vore brukte, men hev visst ikkje vore
 vanlig. No er det so godt som skilt med å bera
 gjødsli; berre ^{på} nokre få og små bruk mytter dei
 sunn denne måten. - Og gjødselbering hev aldri
 vore særskilt kvinnfolkarbeid, slik som det sunn
 er sunne steder i. Hordaland. Difor hermer
 dei etter i Nordhordlands-gjenta som vart gift
 på ein gard hev i gamlelaget for ei 4-5 år
 sidan: "Det stend ikkje på å vera byering
 hev, som ein stepp å bera myk!" -

Dei brukte greip til å bera med. Like
 til i 1880-90 åri var det sunne som brukte tre-
 greipar. Sidan kom greipar av stål i bruk. - Tre-
 greipane hadde 3 tendar. Dei var flate og noko
 breide - 1" eller vel det. Folk tykte det var
 ein stor tle då stålgreipane kom; men mange
 syntest at tregreipane var betre til å bera med.

Dei brukte også greip til å kasta gjødsli
 med. (Å kasta saet). Men fyrr dei kasta,
 hakka dei tasset med grev, for å smuldra gjødsli.
 Det arbeidet var det oftest kvinnfolk eller born
 som gjorde. Kvinnfolket var og skundom med og
 bera og kasta. Men kjøpte gjorde dei ikkje so


IV 7.
sant det faast vaksne mannfolk på garden.
- Grovt hev nok og vore so fre frå fyrst
so. Det finst nokre slike på Lunnfjord-
musset i Førde, og dei hev sikkert nok vore
i bruk her ute og. Men det er ingen no som
kann minnst det.

Når gjødseli ver kasta, knika dei henne
med riva. I gamle dagar hadde dei visstnok
ei særskild riva til det bruk, med sterkere
hoord og tander enn vanlege rivor. Det var
offest kvinnfolket som knika. - Summe av dei
som hadde hest torva med rishorn : ei droge
av bjørkeris som hesten dreg. No er kytting-
horn vanleg; men det er umno mange som
brukar rishorn, og somme tykkjer at ho gjer
vel so godt arbeid som kyttinghorn.

Det er umno vanleg å bruká mykje eller det
mest av husdyrgjødseli på engi. Men reidskap og
arbeidsmåtar hev skift noko. Det vert mein og
meir vanleg å bruká vogn (kyorra), i aller riste
tri med gummi-hjul. Men mange bruká hev både
stede og vogn. Dei kóyrer de gjerne gjødseli ut
på vinterføre, i februar - mars. I hundra legg
dei de gjødseli i store hangar, og kóyrer so ut:
over med vogn ^{eller stede} stunare på voren. - Dei kastar
med grip som fyrr, men somme av dei som brukar
vogn kastar beinast frá vogni. Dei sjuest det
gjeng lettare og snøggare. - Endelig er det somme no
i seinste tri som gjødsler engi um hausten, i
oktober eller november.

Plademidane er ca. 3 alner lange, eller
helst noko mindre. Hyrningane kviler på
stebandi (steband) - to steband i kvar
meid (meid). Langpølkane - rinnare -
kviler på hyringane, og stebandi gjeng

gjennom både hyrning og rium. To nagler med korud vert drivne ovanfrå gjennom riummen og ned i meiden. Rimmane rekke so langt fram at vegindet (veierende) gjeing gjennom både riummen og meiden. Men i gamle dagar brukte dei helst i Botnefjokne vert feste til hyrningane med spikar. Gavlør og sidefjølør vert surra til hyrningane med streng. Men i gamle dagar brukte dei i surra både botnen og dei andre fjokne. Det var helst teger so eine dei brukte til surring.

Vegindet og dregt (drøtte) hev dei laga på to måtar her i kring. Det must vaulge fyrr var drøtte med fest humul. Midt på humulen var det ein krok, han skulde helst vera so eine. Når dei skulde køyra hekte dei kroken ned på vegindet. Når dei skulde lesa av, hekte dei kroken av, og veltte so sleden. - Vegindet var noko boge, - unlag slik , - for at ikkje kroken skulde skrida tilsides. -

Andre laga vegindet beint, og let det gå so ~~mykje~~ langt ut inn meidane at dei smette skjokne - hindlene - inn på vegindet. So gjeing det ein kjetting - og stundom berre ein togstubb - frå skak til skak rett framme inn meidane. Når dei skal lesa av, løyser dei kjettingen, skuar skjokne av vegindet, og veltter so sleden. Dette er noko meir tungvint, men hev den fyrrmenen at hesten kann halda alt ein ein køyrer i brette bakkar og på godt føre. - Ein ser bae formene i bruk den dag i dag. Den siste er den vaulgaste no. No ser ein stundom og at dei mytter ein jarnkin eller ein røyrstubb til veginde.

9. Det hev vore og er sunno vanleg å late husdyri beita heimeböen både haust og vår. Det er nok helst for å spare på fôr. Det er vanleg meining at sterk haustbeiting er skadleg, og der dei hev kunssteng fædar dei som oftast den for beiting, i alle fall dei troo hi fyrste åri. - Derimot meiner dei at beiting sun vëren heller gjer godt, når ein berre ikkje beiter for lenge.

At dei beitte utslåttane ten og ikkje høyrt tale sun. Dei fleste utslåttane ter ikring lag eller so langt undan at det var allfor ulagleg å heve dyri der vår og haust. - Dei som hev utslåttar på holmar og øyar hev brukst å beita dei same år, eller ei tid på året; vanleg for at jordi på den måten skulde få noko husdyrgjødsel.

10. Noko umskifte er det nok vork i dette i det siste. Men dei aller fleste beiter sunn på iunmarki både haust og vår. Summe hev beke til å gjerde iun böen i beigar, so ikkje dyri skal fara gjer alt på ein gang. Nokso mange hev gjerdst iun skrapslåttan og brukar den til beite. Dei synest dei hev ikkje tid å fara og krøkje med slutt-orver, og når ein gjødsler slik merk ein grund, kann det verla retkeleg bra beite.

Iva tid skiftet tok til er ikkje so godt å seija. Ein og annan tok irost til allfyre hundradårsskiftet. Men endi for ei 30-40 år sidan minnest eg at folk flest rekna slikt for noko som berre hööde for storgardar og storkarar. - I 1930-åri var det ikkje so få unge gardbrukarar som tok til å gjerde

inn beite i utmarki attmed heimeböen. Berre ein og annan galdning gjekk so langt at han tok skrepislåtten på innmarki til beite; og ein av dei fyrste som våga seg til med det - det var eller so seint som kring 1940 - fortalde sidan at fyrste året etterpå kunde han ikkje reisa i fred med rutebåten for grannane som fann at det nye påfunnet. Han var no og berre gutungen i kalla - berre 18 år gammal - då han laut faka yver sin av største gardane i heradet. Men det tok ikkje so lang tid fyrr sume av grannane tok etter gutungen.

Men nokke fart i dette muskiftet vert det fyrst i åri etter krigen. Skorten på arbeidshjelp er nok største orsaki. - Samtliga i utmarki er eit heilt hindr savage stader. Etter kvart utmarks-utskiftingi vert gjennomförd, vert det meir og meir slutt med å beita heimeböen.

11

Ukjent her.

12

Summe gardar hadde sumarfjøs, og nokre få av dei er i bruk ennå. Ein gard - gnr. 10 i Kinn - hev like til no mykje høst tvo sumarfjøs i bruk. Det eine i utmarki, i lag med nokre av grannane, det andre attmed bøgarden. Det fyrste brukte dei nun sumaren, det andre høst og vår, når dei gjekk i heime-marki. Dette siste kalla dei garelfjøs. Gjødste frå utmarks-fjøsset vert ikkje nytta.

13-18

Ukjent her.

V/1
19.

Formene kie og hoe (sterkt hokym) er u-
kjende her. Ordet hev linn hokymform: ei kovie.
Det tyder helst eit iunhegna merkesykke, men
vert ogso brukt men sykke som er naturleg
avgrensa, t. d. av berg eller hamrar. Døme: Juste
Kvia, Yste (ytst) Kvia og Opste (öost) Kvia,
alle i Syumarvåg, gnr. 7 i Skim.

Dei andre ordi og ordformene som Rasen
nummer under Skiv (N. O. s. 408 II) er og u-
kjende her, so nær som stöl (stöyl) og trake.
Det siste først som stadnamn, nemleg i
gardnamnet Flodetræet, i dagleg tale berre
Træe, dat. i Træa. (Gnr. 1, brnr. 9.)

20.

Det var knapt vauleg i hava ställemark på
stölen (stöyler). Reittnok hadde dei vist som
oftast ei iunhegning attmed stöls-husi, men
det var buleg helst til å hava dyri i run netti.
Me veit likevel at i Tindalen slo dei stölskvia i
mange år etter at stölen var nedlagd. Det retta
seg vel noko etter kor lang stölavog dei hadde.

På Midtbö i Norddalsfjorden gjødsler og slær dei
vistnok stölskvia den dag i dag. (Denne garden
ligg i Bru herad, men geografiske høyrer han saman
med nordluka - fastlandsluka - av Skim). Men kon-
kvis dei brukte det her ute med gökanten, veit
me mindre um, sidan det er so lang tid sidan
stölane her vert nedlegde. Fiske stölen som var
i bruk her ute var Selst ved Gukhervetnet
i Urdalen (rekkare Auradalen). Det var bygt av
Anden Jørgensson, som byggde Breidviki - sønste gard-
en i Bremanger - frå 1805. Breidviki brukte selst
i lag med nokre av grannane i Skim. På denne

8555

stølen var det i alle fall ikkje slåttemark, og heller ikkje stølskvie. Koinnfolki gjekk upp nun kvelden, mjølka, overnatta i selet, og gjekk heim når dei hadde mjølka nun morgonen. Mjølki sila dei upp i eskar som dei hadde på stølen, og i alle fall somme tider var det karane som var i veg og henta heim andrøtta - skyr og rjone. - Selt var i bruk i 1850-åri, var til medfalls bring 1880. No syner berre nokre støtkar, og støden heiter Selt (inn med Selt).

Ordet stølskvia finst som stadnamn: Stølskvia altmed Stølskyenna i Stølsdalen. Ivo tid stølen der var i bruk vit me ingenting nun, heller ikkje kva for gardar som stole der. Truleg hev det vore Lymmarvåg i Kiim og Breidviki i Bremanger. Men det er knapt meir enn høgdi eit par hundrad år sidan denne stølen vart bygd. I 1747 var det åstadssek nun skogamerket millom Lymmarvåg og Husefest (i Bremanger). Men endå merketina gjeing høvt over Stølsdalen og down nemner mange stadnamn som ein er i bruk, so finst likevel ikkje namnet Stølsdalen, og Stølvatnet (ikkje d. a. s. St. Lyama) heiter berre "Vandet." Det vert sett merke i "et Mess eller liden Tunge i Vandet." Dette meset heiter no Stølsbunga. So der hev knapt vore aukten støl eller stølsnamn på den tid. Derimot er både Stølsdalen og Stølvatnet nemnde i 1806.

21

Lild og fiskeavfall hev vore brukte til å gjødsla engi med, helst på gardar som låg nær til sjøen, so dei hadde lett for å få tak i slibt. Eg hev likevel ikkje høyrte tale nun at dei kjøpte avfall. Oskar vert

brukt den dag i dag, og er rekna for sers god gjødsel. Tang og tare vert, so vidt eg veit, berre brukt på åker.

Frangangsområdet med slik avfallsgjødsling hev vore so gynne. Fiskehovud slog dei stundom ned i jordi med ei klubba. Anna avfall spadde dei offast ned. Det vart noko nyann gjødselverknad på den måten. Lild og slog kesta dei offast utyver merki, pålag som husdyrgjødsel. Ein og annan la avfallet i kompost (og det vart og so gjort med tang og tare). Dei fekk nok berre gjødsel, og gjødsla vert berre å spreida på den måten; men dei flekk tykk likvel at det kravde for mykje arbeid, og kompostering hev aldri vore i allment bruk.

Oske kesta dei helst utyver merki etterkvart som dei fonde omnane. Men sanno samla oske i ei tunna, og kesta heime utyver nne vira. Tunna skulde helst vera av jarn, for brandfæren. Ein som sauka oske i ei betunna, var utheppen.

Han hadde tunna ståande på vellehuset. Ei natt, etter at dei hadde teke ut oske nne dagen, brann vellehuset ned. Der hadde nok vore ei glad i oske. —

Etter prøvde dei å drygga husdyrgjødsla på gynse vis. Dei breidde mose, safflis, lauv og anna under sau, geit og gris. Det gav mykje og god gjødsel, og på mange gardar brukte dei store mengder strøy eller underbreidsla (unde: brøyte). Dei som hadde gjødselkjellar kjøpde stundom mold i botnen på kjellaren; men dette var ikkje so vanleg. I det heite må ein seja dei tok vel vare på gjødsla, og nytta heime med umtauke.

Et kapittel for seg er gjødsla frå velle-

huset. Det er nu o svært mange som ikke vil bruke denne gjødsli. Dei lømer henne burt i ei roys, eller på sjøen. - Men her som elles spiser det mykje frå gard til gard. Ei halvgammall gjenta hadde ein liten plass som ho stelte åleine for det meste. Men av og til når det var noko tungarbeid nun å gjere laut ho fe ein kvin av grammae til å hjelpe seg. Ein gang skulde ein av grammae hjelpe henne med å løma dokkjen. Då dei hadde lømt kaggen, hekk det noko lite av innhaldet att langs kanten og i botnen. Ho skrapsa det av med fingrane, og streuk det so av seg på marki.

Han røbe-Per i Klauene tok det lettere. Han treivst lite med gards-arbeid, og sears lite med mykaka kjøring. Det var no ikkje i undrart på heller, brattlendt og utlendt som garden var. Men nesottingen kunde ikkje ligga frå ei til ei heller. So tok han Per og stunde elv burt i dungen og let henne taka hile greide med seg på fjorden. - Per lude først på 18-hundradtalet. Sønens son hans fortalde meg dette kring 1930. - Denne sønens-sonen hans Per var ein dugande gardbruker; han fekk syko-medalje av landbrukselskapet for framfrå jorddyrking. Per hans var ein av dei tri bøndene i Kinn som sådde gras i 1865; (4 skålpund). Og son hans er den "gutungen" som er nemnd under 10.

Urdal den 29/12 - 1953.

15.

Norsk Ethnologisk Gransking.

Bygdøy.

Vedlagt sender eg svar på to av spørrelistene Dybbar, nr. 14 og nr. 40. Det er med dette som med dei svare eg fyrr hev sendt, at eg hev skrive upp etter høvert som eg kom yver noko som eg tykte var verdt å taka med. Her og der hev eg teke med småstøbbar som kunde bene til å seje litt særskilt og i somme høve lukst - på den turre opprekningi.

Den skrivemåten i bygdesmålsord er å seje, at eg som oftast hev skrive ð for "dand" ~~d~~ d, s. d. Træde. Fullt so ståndard som folk vil have det til er no ikkje denne goden, og då tykkjer eg det er greidere med eit bokstav-teiken i staden for det boursmet som skal vere etter officiell rettskriving. Disse praktiske fyremuner synest eg og det er med eit slikt teiken: "Hii" kann vere både substantiv og interjektion.

Godt nyttår!

Helsing

Paul Urdal

Urdal, Flora.


NORSK ETNOLOGISK GRANSNING
ADR. NORSK FOLKEVITENSK.
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mennsaldrar sidan
bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over
aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret
hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten
mothake på stonga gjorde at handtaket på båtta ikkje gleid.
Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over.
Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre
frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har
vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon
i Dykkar bygd noko om det ?

Ukjent



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka
fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Ukjent.

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Ukjent.

Paul Urdal,
Urdal, Florø

S. o. Fj.
Kinn.

8156.